

---

# UTSTILLARREGLAR

## RYFYLKEDAGANE; MARKNADSDAG 8. JUNI PÅ SAND

**Utstillingsområdet/ marknadsplassen er i Sand sentrum frå nord til sørende av Gata og opp til parkeringsplass ved Bunnpris.**

Gata er stengd i sørenden ved Ryfylke Fjordhotell og ved Øvre Dalane frå kl. 08.00 til 16.00 marknadsdagen

1. **All ferdsel på utstillingsområdet skjer i samsvar med komiteen.** Det skal berre parkerast på tilviste plasser
2. **Ingen utstillar blir registrert før påmeldingsskjemaet ligg føre og standleie er betalt** til Ryfylkedagskomiteen. Kvittering tas med marknadsdagen ved kontroll. Påmelding er bindande og utstillar hefter så standleie. Komiteen er ikkje pliktige til å tilbakebetala standleiga uansett årsak. Sals-utstillingar skal være under tilsyn av eigaren/utstillaren.
3. **Utstillaren kan ikkje utan løyve reise frå standen** før marknadsdagen er slutt dvs. tidlegast kl. 15.30. Frie stands, som ikkje opprettheldt opningstida på marknadsdagen, kan bli etterfakturert ved fråvær på oppsett marknads- tid.
4. **Utestand blir vist utstillaren utan avskjerma, stolar og bord.** Utstillar må sjølv ha med seg nødvendig utstyr til stand. Ekstra opplegg for straum, stikkontaktar, vatn osv. må avtalast ved påmelding.
5. **Påmeldingsfrist står på påmeldingsskjemaet.** Komiteen føreheld seg retten til å avslutte registrering av utstillarar eller eventuelt redusera påmeldt areal dersom marknadsplassen skulle bli fullteikna før påmeldingsfristen går ut. Ryfylkedagskomiteen har den endelege avgjerda når det gjeld kven som er utstillarar, fordeling av utstillar plassar og justere tildelt areal. Komiteen har høve til å takke nei til påmeldingar om varegruppene blir for like og konkurrerande for handelsstanden. Utstillarar som tek seg til rette på andre plassar er den som er tilvist, kan visast bort frå marknaden.
6. **Lokale produsentar og leverandørar i Ryfylke skal prioriterast.** Kunn varer/produkt som er påmeldt kan visast på standen utstillardagen. For utstillarar som sel matvarer må sals-innrettingar og vareutval følgje mattilsynet retningslinjer og godkjenningar for sal av næringsmidlar. Ein fordel om ein også kan tilby eit vegetarprodukt.
7. **Alle stands bør ta eit miljøansvar** å ha som mål i 2024 å bruke resirkulerbar emballasje og miljøvennlige «Non-Food» - produkt på sin stand.
8. **Det er forbode i Suldal kommune å selje eller utlevera** heliumballongar, plastbasert konfetti og glitter, eller andre effekt-materialar som kan bidra til forsøpling. Gjeld også artiklar som «give-a-ways» Komiteen har rett til å visa utstillar bort frå marknaden og krevje opprydding på utstillars rekning.

9. **Utstillingsplassane blir stilt til rådvelde for utstillarar laurdag morgon frå kl. 08.00.** Utstillarar må sjølv syte for all transport, montering, demontering, pakking, eigne varar og dekorasjonsmateriell. **Standen skal leverast attende fri for avfall,** dekorasjonar, spiker, fundament o.lign. etter arrangementet er slutt. Avfall leverast på markerte søppelstasjonar og sorterast ut i frå oppslag. Ved eventuell forsømming av dette har arrangørane rett til å utføre turvande opprydding på utstillars rekning. Utstillarplassen skal være fjerna innan 18.00 same dag om ikkje anna er avtalt. Komiteen fjerner avfall, omgående etter arrangementets slutt, i publikumsområder langs konkurransetraseen og langs adkomster.
10. **Ynskjer utstillar å ha stand fredag i forkant av marknadsdag skal avtalast med festivalleiinga på førehand.** Tlf. 45402749  
Utstillaren kan ikkje rekne med at dei for tildelt same plass som på marknadsdagen på grunn av gatebilde er opent for transport og parkering fredag. Kostand for å ha stand fredag før sjølve marknadsdagen er standleiga kr 500,-
11. **Utstillarane er ansvarlege for skader dei påfører** bygningar, anlegg, innreiingar og personar. Utstillar må sjølv ordne med forsikring av sin stand. Arrangørane tek ikkje ansvar for dei utstilte varene, utstyr eller tredje persons eigendeler.
12. **Arrangørane av Ryfylkedagane tek seg rett til å avlyse marknadsdagen** eller deler av denne dersom det syner seg uråd å gjennomføre tilskipinga på grunn av t.d. brann, vasskadar eller tekniske skader på utstillingsområde og enkeltstandar. Arrangørane skriv frå seg ansvar overfor utstillarar som følge av avlysinga som beskriven under punkt 10.
13. **Parkeringsavgift i sentrum marknadsdagen er kr 100,-** Gratis parkering for utstillarar er oppe med kommunehuset om ein viser til kvittering for innbetalt standleige. **Sjå utstillarkart som leggast ut 24. mai 2024**

Faktura blir sendt etter påmeldingsfrist. Påmelding blir bekrefta ved registrert og betalt faktura.

**Frivillige lag og organisasjonar i Ryfylke som ynskjer synleggjering vil få tildelt stand på tildelte plassar. Fordel om ein er saman med andre for å ha standplass.**

Standplass kr. 300,- eller etter avtale.

**Spesielt punkt 2 og 3** i utstillarreglane ber me dykk ta omsut til.

Påmeldingsfrist måndag 3. mai 2024

Informasjon og påmelding [www.ryfylkedagane.no](http://www.ryfylkedagane.no)

Har du spørsmål ta kontakt med

**Ryfylkedagskomiteen 204**

Festivalsjef Elisabeth Steine tel: 45402749

**Velkommen til 40 års Jubileum på årets Ryfylkedagar 7-9 juni**